

Saksbehandlar: Joakim Systaddal
Sak nr.: 21/784-1

Klimasats - søknadar 2021

Kommunalsjefen rår komité for samfunnsutvikling til å gjere slikt vedtak:

1. Komité for samfunnsutvikling tilrår at administrasjonen i Sogndal kommune søker om klimasatsmidlar for desse tre prosjekta:
 - a. Plan for bustad, arbeid, klima og transport (BAKT)
 - b. Klimadesign og innovasjon
 - c. Forum for berekraftig stadutvikling

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Administrasjonen i Sogndal kommune ynskjer å søke om Klimasatsmidlar med søknadsfrist 15/2/21 for å styrke klimaarbeidet i kommunen.

2. Vurderingar og konsekvensar

Klimasatsordninga gjev kommunane høve til å styrke klimaarbeidet sitt. Tenesteeining for næring og samfunn har utarbeidd tre søknadar til fristen 15/2/21, som er tett knytt til dei overordna hovudtrekka i samfunnsplanen som er under utarbeiding.

I retningslinjene for Klimasatsordninga heiter det: «De formelle kravene er uendret, det vil si at forankring kan være i politisk vedtatt plan, handlingsplan, økonomiplan eller enkeltvedtak i kommunestyret, formannskap eller politisk komité. Også forankring i andre politisk vedtatte styringsdokumenter, for eksempel klimabudsjett godtas. Dersom forankringen er i overordnet formulering eller i en eldre plan, må kommunen sikre at tiltaket det søkes støtte til har reell forankring hos politikerne, gjerne ved å ta saken til kommunestyremøte.»

Prosjekta som vert løfta opp i denne runda er:

Plan for bustad, arbeid, klima og transport (BAKT): Bustad, arbeid, klima og transport er noko kvar enkelt kommune i Sogn er oppteken av, men som me også bør samkøyre på tvers av kommunegrenser. BAKT kan bli ein plan som syner mål og strategiar for korleis kommunane våre kan jobba saman om å utvikle bustadmarknaden, arbeidsmarknad og transporttilbodet med omsyn til klimautfordringa. Klimaendringar og nullutsleppsmål skapar utfordringar som kommunane må forhalda seg til i planlegginga, men også moglegheiter for nytenking rundt regional utvikling og mobilitet. Eit gjennomgåande tema i planen bør difor vere klimautslepp knytt til transport og arealbruk, og korleis me kan påverke dette ved å sjå nye samanhengar mellom transportbehov og bustadområde, bustadområde og arbeidsplassar, og arbeidsplassar og transportbehov. BAKT kan gi kommunane nokre felles mål som gir oss retning på det politiske arbeidet regionalt og nasjonalt. Måla kan til dømes vere knytt til veginfrastruktur, kollektivsystem på land, sjø og i luft, næringsareal, bustadvekstområde, nye teknologiar, kvardagsmobilitet eller

jobbmobilitet. Gevinstane av ein sameint og regional BAKT kan bli auka attraktivitet, betre folkehelse og betre samarbeid om overordna planlegging.

Klimadesign og innovasjon: Me ønskjer å søkje om midlar til ei prosjektstilling i eigen kommune som skal jobbe med brukarinnsikt og løysingar knytt til mobilitet etter Smart kommune tankegang. Døme på oppgåver er utvikling og innføring av klimabudsjett og -rekneskap som verktøy i kommuneorganisasjonen, brukarinnsikt om dei store utsleppspostane knytt til transport og forslag til løysingar på desse. Til dømes privat transport, ferge- og hurtigbåt, avgiftsfri diesel og/eller renovasjon. Det er også naturleg at dette vert sett i samanheng med mobilitet i kommuneorganisasjonen.

Forum for berekraftig stadutvikling: Me ønskjer å ta initiativ til ein møtestad mellom fagfolk frå kommunen og ei ekspertgruppe på klima/natur/miljø frå lokale kompetansemiljø. I forumet kan kommunen drøfte problemstillingar i konkret plan- og utviklingsarbeid med ekspertgruppa, bli utfordra av det siste innan kunnskapsutviklinga på fagfeltet og gjere klima- og miljøarbeidet konkret og operativt. Forumet skal bidra til å forbetre kommunen sitt klimaarbeid, styrke koplingane mellom Bustad, Areal, Klima og Transport i BAKT, og styrke løysingane på klimadesign/innovasjon gjennom kunnskapsressursar og testpersonar.

For å unngå at søknadane vert underkjent på grunn av manglande forankring, vert søknadane lagt fram for komité for samfunnsutvikling for politisk tilslutning.

3. Konklusjon

Dersom Sogndal kommune skal vere trygg på at søknadane har formell politisk forankring på plass, vert prosjekta lagt fram for tilslutning frå komité for samfunnsutvikling. Det vert føresett at arbeidet med prosjekta vert løyst innanfor vedtekne rammer.